



Klar for ein framtid som bonde?

Visst er det håp for nrosk jordbruk og då også for jordbruket i Uskedalen. I den seinare tid har vi fått fleire prov på det, no seinast på Kjærland. Der har odelsjenta Eirin Rørheim Kjærland (blir 17 år i januar) teke traktorlappeni sommar. Truleg vil ho satse på landbruksutdanning etter at ho har fullført dei 3 åra på studiespesialisert ved KVV. Der går ho no første året.



Odelsjenta på Kjærland er optimist på vegne av jordbruket

Den blide jenta er mest kjent i bygda for sine musikalske evner. Ho har 6 år bak seg med kornetten i skulemusikken og frå i kveld er ho med att! Ho er også ein av 4 i eitt band som førebels er udøypt.

Traktorpassasjer har ho vore sidan ho var 1 år gamal. Ho sat på eit sykkelsete som var spesielt montert for henne.

- På det setet fekk ho seg mange middagslurer, minnes faren.

Eirin var med på alle slags operasjonar - frå forhausting til møk-køyring - og lærte mykje om jordbruk i svært unge år.

Men når tok ho til å køyra sjølv? Ho hugsar det og truleg skjedde det då ho var 5 år. Traktoren var ein liten Fiat og Eirin nytta førstegearet.

- Det gjekk ikkje så fort, men det gjekk fint, seier odelsjenta som etterkvart fekk konkurranse frå brørne Jone og Sindre på traktorsetet. Her galdt det å vera først til mølla! Eit pluss ved traktorkøyringa var også at ein kunne høyra radio samstundes.

Eirin lærte mykje ho får nytte av også som sjåfør på bil.

Traktorsertifikatet tok ho i juni, med teori i Odda og oppkøyring i Haugesund etter nokre ekstra instruksjonstimar. Truleg er ho den første jenta her i bygda som har teke traktorlappen.

- Og kva er fordelene for deg førebels?

- Eg slepp å sykla og kan hjelpe til her på garden, heretter på eigenhand og med alle slags operasjonar. Men framleis er eg seinare enn pappa når det gjeld å lage kvite egg eller rundballar, innrømmer Eirin som er full av optimisme på vegne av jordbruket. Så blir det da også satsa på Kjærland. Til dømes har dei starta med mjølkekyr att.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen